

Livets aalvor

1) Livets aalvor hard det trengte
inn paa meg ei stille stund
i da djupa, høga, tenkte
eg utav mit hjartesgrund
mang ein spurnad, mangt eit svar
mange tidens henningar
kom i mine tankar

2) Far i himlen roleg steller
for vaart auga undarleg
inkje eg aa du 'kje heller
kan utgrunda far sin veg
ting so hender meg aa deg
kjeme tidt ein annan veg
so me ikkje ventar

3) Burt i grendi døyr ei mor
mange gøyma havsens baara
her eit slagsmål dar eit mord
onkvan jamt vert saara
eld aa vatn, jordaskreid
leggjer øyde dal aa leid
Gud for alting styre

4) Da ser ut so Gud er eigar
aa regjere alt paa jord
eg aa du er berre leigar
magti vor den er 'kje stor
best me tru aa tenkje so
Gud er heilag, stor aa god
vis i alle vegar